



Helene Huse Bjørnebøle: - Vi ventar på kommunen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**- Byggjinga er så å seia sett bort til eit bestemt firma. Arbeidet kan difor starta når som helst, berre vi får dei naudsynte godkjenningane frå kommunen. Men prosjektet skal innom så mange instansar før det får grønt ljós.**

**Det seier førskulelærer Helene Huse Bjørnebøle til uskedalen.no om det private barnehageprosjektet sitt på Dønhaug. Men kommunen har sendt ballen vidare.**

- Saka er i prosjekteringsfasa og ligg no hos byggjefirmaet Trelasten på Sandvoll. Vi har venta eitpar veker på å få den attende derifrå.

Det vi ventar på å få frå firmaet er klårlegging eller dokumentasjon av eindel vilkår som miljøretta helsevern har peika på, seier Jon Harald Kjærland i kommunen.

Han tør ikkje no ha noko formeining om når saka kan vera klår frå kommunen si side og minner også om at dei har svært mange saker som står i kø for tida. Heller ikkje kan han no seia om saka vil bli avgjort av administrasjonen ved delegasjon eller om den må leggjast fram for politikarane i forvaltningskomiteen.

Tidlegare har leiinga i kommuneadministrasjonen gjeve uttrykk for at den stør prosjektet fullt ut og ikkje ynskjer å konkurrera med denne etableringa. Kommunalsjef Asbjørn Skår ga allereie for eit år sidan uttrykk for at barnehagen bør realiserast så snart som mogeleg.

Barnehagen skal liggja der gamlehuset på Dønhaug gard (bruksnummer ein) låg. Det vart rive i fjor haust og Helene Huse Bjørnebøle vona at byggjinga kunne starta no ved årsskiftet slik at barnehagen kunne opna utpå seinvinteren ein gong. Det verkar vel optimistisk no.

Det har vore opptil 25 born på ventelista for barnehageplass i Uskedalen og den nye barnehagen vil ha plass for rundt 15. Den får ei grunnflate på 85 kvadratmeter og blir i to etasjar med eit utbygg på oppsida.

Ramma rundt barnehagen er den beste, med flott natur og mange dyr. Det er også nærliggjande å starta eit samarbeid med utebarnehagen på Skårhaug.

Truleg blir det fire årsverk ved den nye Dønhaug gardsbarnehage.

**Av Ola Matti Mathisen**



Her skal den nye barnehagen i Uskedalen liggja. Gamlehuset på garden vart reve i fjor haust. (Foto: Ola Matti Mathisen)